**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**
**nr. 35/2009**

**av 17. mars 2009**

**om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 15/2009 av 5. februar 2009([1]).

2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 875/2008 av 8. september 2008 om oppheving av forordning (EF) nr. 1962/2006([2]) skal takast inn i avtala.

3) Forordning (EF) nr. 875/2008 opphevar kommisjonsforordning (EF) nr. 1962/2006([3]), som er teke inn i avtala og difor må opphevast i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I vedlegg XIII til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Avsnitta om overgangsordningar for Bulgaria i nr. 64a (rådsforordning (EØF) nr. 2408/92) og 66n (europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1592/2002) vert oppheva.

2. Etter nr. 64a (rådsforordning (EØF) nr. 2408/92) skal nytt nr. 64aa lyde:

   "64aa. **32008 R 0875**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 875/2008 av 8. september 2008 om oppheving av forordning (EF) nr. 1962/2006 (EUT L 240 av 9.9.2008, s. 3)."

---

([1]) TEU L 73 av 19.3.2009, s. 52, og EØS-tillegget til EUT nr. 16 av 19.3.2009, s. 23.
([2]) TEU L 240 av 9.9.2008, s. 3.
([3]) TEU L 408 av 30.12.2006, s. 8.

*Artikkel 2*

Teksta til forordning (EF) nr. 875/2008 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda tek til å gjelde 18. mars 2009, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala([*]).

*Artikkel 4*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen.*

Utferda i Brussel, 17. mars 2009.

For EØS-komiteen

***Alan Seatter***

Formann

([*]) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.